

Møtereferat
Hardanger og Voss Ungdomsråd
Tysdag 15.12.2020. Digitalt

Til stades:

Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Eusebiu Amanalachioai
Kvam herad:	Ungdomsrådsnestleiar Sander Eide Aase
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Emilie Vivelid Tveit
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Mathilde Myklatun Hole frå kl 1630
Ulvik herad:	Ungdomsrådsnestleiar Øyvind Fleten
Voss herad:	Ungdomsrådsleiar Marcelius C. Prestegård
Ullensvang kommune:	Ungdomsrådsleiar Emilie Ribesen Skjærvold
Ullensvang kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Phillip L. Tandberg

Ikkje tilstades:

Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
--------------	-------------------------------------

Gjest:

Vestland Ungdomsutval	Medlem Synne Skulstad Birkhaug
-----------------------	--------------------------------

Kontaktpersonar:

Ullensvang kommune :	Vibeke Lynghamar
Voss herad:	Eivind Djønne
Hardangerrådet:	Trude Lægreid Rinaldo

SAKLISTE:

HU-sak 31/20 Saker melde inn ved møtestart. Til drøfting i slutten av møtet.

1. Tema for Hardanger Ungdomsting
2. Laga ein informasjonsvideo om Hardanger og Voss ungdomsråd

HU-sak 32/12 Utsette drøftingssaker:

1. Trygge vegar

Det er kome inn følgjande forslag til uttale:

“Trygge skulevegar for all ungdom i Hardanger.

I haust har det gått fleire ras langs viktige skulevegar i regionen. Osa i Ulvik har vore isolert i fleire dagar grunna ras over den einaste vegen inn til grenda. Ras mellom Jondalstunnelen og Folgefondtunnelen har og gjort at mange VGS-elever frå Jondal med skulestad i Odda har fått særskilt lang skuleveg. Diverre er dette ein realitet for mange av ungdommene i vår region. Det same er uvissa om dei er der når raset først går.“

HU meiner difor:

- Vestland Fylkeskommune som vegeigar må ta problemet med rasutsette vegar på alvor.
- Våre politikarar på Stortinget må aktivt jobba for å auka løvingane til rasutsette skulevegar.
- Hardangerrådet må få farlege vegar i regionen på sin agenda.”

Vedtak:

Hardanger og Voss Ungdomsråd sender denne uttalen til Hardangerrådet, Vestland fylkeskommune, Samferdselsdepartementet.

2. Betre kollektivtilbud.

Kvam ungdomsråd informerte om brev dei har sendt, og dei vidaresender dette til dei andre ungdomsråda i Hardanger.

HU-sak 33/20 Møteplan Hardanger og Voss Ungdomsråd 2021

Vedtak:

Rådet vedtek møteplan for 2021 med endring gjort i møtet.

Hardanger Ungdomsråd 2021	Mandag 11. januar kl 1330 Granvin	Tirsdag 09. februar kl 1330	Mandag 15. mars Kvam Hardanger Ungdoms ting	Onsdag 21. april kl 1330	M A I	J U I	Lørdag- Søndag 3.-4. juli Sosial avslutning	A U G U S T	September TemaDAG: "digitalt føredrag til alle skulane?"	O K T O B E R	Torsdag 04. november kl 1330	Mandag 06. desember kl 1330
--	---	--	---	---------------------------------------	-------------	-------------	--	----------------------------	---	---------------------------------	---	--

HU-sak 34/20 Hardanger og Voss Ungdomsråd etter 2020.

Det er Hardangerrådet som må godkjenna endring av vedtekter for Hardanger og Voss ungdomsråd. Når no Voss herad trekker seg ut av Hardangerrådet, ber ungdomsrådet om at Voss ungdomsråd får fortsetja som medlem av Hardanger og Voss ungdomsråd.

Rådet ynskjer også å invitera andre ungdomsråd som naturleg knyter seg til oss og ber derfor om godkjenning for at rådet kan utvidast.

Når vedtak om føringar for HU er gjort i Hardangerrådet, må desse kommunane og deira ungdomsråd føra sak i eige kommune/heradstyre, for å godkjenna eit slikt medlemskap.

Gjest i møte frå Vestland ungdomsutvalg, Synne, presenterte seg og sa at ho vil ta del i våre rådmøter når ho kan på vegne av og vera vår kontaktperson til Vestland ungdomsutval(VU) . Fyrste sak HU vil be VU ta opp er rasutsette vegar for skuleungdom.

HU-sak 35/20 Likestilling. Korleis arbeider de med dette temaet i ungdomsråda?

Distriktsenteret drøftar resultat frå spørjeundersøkjing på webinar.

[Her er link til webinar](#) [Her link til Spørjeundersøkjinga](#)

Eit interessant og viktig arbeid. HU vil følga opp med meir innsikt.

HU-sak 31/20 Saker melde inn ved møtestart. Til drøfting i slutten av møtet.

1. [Tema for Hardanger Ungdomsting](#)
 - Ungdom i distriktene - framtidshåpet
 - Stoppa urbaniseringa og gjera det attraktivt å bu her
 - Aktivitetar for ungdom i kommunane våre: Motorsprot
 - Læringsplassar i distrikta
 - Rasutsette vegar

Me ber alle tenkja på kven me kan invitera til tinget. Distrikts- og digitaliseringsminister Linda Hofstad Helleland er eit forslag.

2. [Laga](#)
3. [ein informasjonsvideo om Hardanger og Voss ungdomsråd](#)

Dette blir tema på neste rådmøte. Me vil då drøfta innhald og produksjon.

HU-sak 36/20 Informasjon om arbeid frå kvart ungdomsråd

Eidfjord:

- uttale til budsjett
- arbeidd med møte og talerett i kommunestyret

Ulvik:

- budsjettarbeid
- sak om bortebuarstipend situasjonen

Voss:

- jobba med økonomiplan
- ber kommunen auka kapital til lærlingepllassar

Ullensvang:

- arbeidd med budsjett og sendt uttale
- har ferdigstilt innstilling til aktivitetstilbud for unge i kommunen
- skal i morgen vera med på møte om Sky-lift

Kvam:

- budsjettarbeid
- planstratgi: har mål å få på plass i planen ein definert stad for motorsport
- skal ha ekstraordinært møte for å dela ut pris til folk i kommunen som har gjort noko ekstra for ungdom
- og sjølvsagt vore aktive i i sak som omhandla nedlegging av vgs linjer i Kvam.